

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 251/2014****2015/EØS/61/07****av 13. november 2014****om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor
dei fire fridommane**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Samarbeidet mellom partane i EØS-avtala bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 254/2014 av 26. februar 2014 om eit fleirårig forbrukarprogram for 2014–2020 og om oppheving av avgjerd nr. 1926/2006/EF⁽¹⁾.
- 2) EFTA-statanes deltaking i verksemd som følgjer av forordning (EU) nr. 254/2014 bør starte 1. januar 2014, utan omsyn til når denne avgjerda er teken, eller om oppfyljing av eventuelle forfatningsrettslege krav til denne avgjerda er meld etter 10. juli 2014.
- 3) Juridiske personar som er etablerte i EFTA-statane, bør ha rett til å ta del i verksemd som startar før denne avgjerda tek til å gjelde. Kostnadar som har kome på for slik verksemd, som er sett i verk etter 1. januar 2014, kan sjåast på som kostnadar som gjev rett til støtte på dei same vilkåra som dei som gjeld for kostnadar som har kome på for juridiske personar som er etablerte i medlemsstatane, såframt denne avgjerda tek til å gjelde før den aktuelle verksemda vert avslutta.
- 4) Protokoll 31 til EØS-avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogeleg frå 1. januar 2014 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I artikkel 6 i protokoll 31 til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 3a skal nytt nr. 3b lyde:

”3b. EFTA-statene skal med virkning fra 1. januar 2014 delta i følgende program:

- **32014 R 0254:** Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 254/2014 av 26. februar 2014 om eit fleirårig forbrukarprogram for 2014–2020 og om oppheving av avgjerd nr. 1926/2006/EF (EUT L 84 av 20.3.2014, s. 42).

Kostnader for aktiviteter som iverksettes etter 1. januar 2014, kan anses som støtteberettigede fra begynnelsen av tiltakene i henhold til tilskuddsavtalen eller den berørte tilskuddsbeslutning forutsatt at EØS-komiteebeslutning nr. 251/2014 av 13. november 2014 trer i kraft før tiltaket avsluttes.

Liechtenstein skal være unntatt fra å delta i og bidra finansielt til programmet.”

2. Teksta i nr. 4 skal lyde:

”EFTA-statene skal bidra finansielt til virksomheten nevnt i nr. 3, 3a og 3b i samsvar med avtalens artikkel 82 nr. 1 bokstav a).”

3. Teksta i nr. 5 skal lyde:

”EFTA-statene skal fra den dag samarbeidet om virksomheten nevnt i nr. 3, 3a og 3b innledes, delta fullt ut, uten stemmerett, i de EF-komiteer og øvrige organer som bistår Kommisjonen i å forvalte eller utvikle denne virksomheten.”

⁽¹⁾ TEU L 84 av 20.3.2014, s. 42.

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Ho skal nyttast frå 1. januar 2014.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 13. november 2014

For EØS-komiteen

Kurt Jäger

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.